

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FE - 143, FE - 144, FA - C20	18/2586

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
59/2018	Utval for levekår	PS	27.11.2018
86/2018	Kommunestyret	PS	12.12.2018

Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014 - 2019 - Rullering av handlingsplan for 2019

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret godkjente i KS-11/2014 *Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019*. Planen legg opp til at ein rullerer handlingsdelen kvart år i planperioden, som kommunen si prioritering av eigne tiltak, prioritering av spelemiddelsøknadar og forankring til andre søknadsordningar, som del av vedteken kommunal plan for idrett. Førre rullering var i 2017, med ei mindre justering i februar 2018 grunna tilpassing til faktiske tilhøve ved utviklinga av dei private anlegga i kommunen.

Tiltaka i handlingsplanen er forankra i forarbeidet til planen, samt mindre endringar i dei påfølgjande rulleringane. Gjennomførte tiltak, som har fått utbetalt spelemidlar, er teke ut av handlingsplanen. 2019 er siste år i planperioden, og tiltak ein ikkje ser vert gjennomført, eller som ikkje no er under planlegging, vert lista opp for seg sjølv med tanke på eventuell overføring til ny planperiode, då som del av planarbeid i Alver kommune.

Meland idrettsråd har fått rulleringa til uttale, jf. samarbeidsavtalen, og seier seg i konklusjon samde i prioriteringa. Nye tiltak i planen står i samband med uteområdeprosjektet ved Sagstad skule, og innspel frå BoF gjeldande utvikling av Håøy friområde.

Vurdering

Følgjande er Meland kommune si prioritering for ordinære anlegg og friluftslivsanlegg:

Prioritet	Anlegg	Stad	Kommentar	År
1	Kunstgrasbane 29x49m	Vestbygd skule	Ferdig	2016
2	Kunstgrasbane, lysanlegg	Vestbygd skule	Under planlegging	2019
3	Kunstgrasbane III, med halloverbygg, lager og garderobar	Fossemyra idrettspark	Under bygging	2019

4	Kunstgrasbane II, rehabilitering	Fossemyra idrettspark	Under bygging	2019
5	Driving range, oppgradering samt takoverbygg med øvingsområde	Meland Golf og Naturpark	Under bygging	2018-19
6	Mindre buldrearlegg	Sagstad skule	Under bygging	2018-19
7	Turpadling, brygge	Vikebø	Under bygging	2018-19
8	Lyssett turveg	Fosse/Langeland	Under planlegging	2018-19
9	Sjøsportsanlegg	Flatøy	Under planlegging	2017-
10	Skytebane innandørs	Espetveit	Under planlegging	2017-
11	Dagsturhytte	Håøy	Under planlegging	2018-
12	Gapahuk	Håøy	Under planlegging	2019-
13	Turpadling, brygge	Håøy	Under planlegging	2019-
14	Turpadling, båthus	Håøy	Under planlegging	2019-
15	Lagerbygg	Håøy	Under planlegging	2019-
16	Sanitæranlegg	Håøy	Under planlegging	2019-

Følgjande er Meland kommune si prioritering for nærmiljøanlegg:

Prioritet	Anlegg	Stad	Kommentar	År
1	Turstiar	Holsnøy/Flatøy	Pågåande	2014-
2	BMX-bane	Austebygda Fritidspark	Under bygging	2018
3	Parkour-/klatre-/trimanlegg m/lys	Frekhaug torg	Venter byggestart	2018-19
4	Parkour-/klatre-/trimanlegg m/lys	Meieriparken	Venter byggestart	2019
5	Skatepark innandørs	Sagstad skule	Under bygging	2018-19
6	Parkour-/klatre-/trimanlegg m/lys	Sagstad skule vest	Under bygging	2018-19
7	Parkour-/klatre-/trimanlegg m/lys	Sagstad skule aust	Under bygging	2018-19
8	Ballbane m/lys	Sagstad skule	Under bygging	2018-19
9	Bmx-bane m/lys	Sagstad skule	Under bygging	2018-19

10	Friluftsanlegg	Skjelanger fort	Førebuing	2019-20
----	----------------	-----------------	-----------	---------

Ordinære anlegg som overføres til neste planperiode:

	Kunstgrasbane II	Leirdalen		
	Løpebane utviding	Leirdalen		
	Turpadling, båthus	Vikebø		
	Turkart			
	Lyssett turveg	Vikebø/Skintveit		
	Løpebane	Fossemyra		
	Sandvolleyballbane	Fossemyra		
	Sykkelrampe	Fossemyra		
	Tennisbanar	Fossemyra		
	Kyststi, turveg	Varnappen - Dalstø		
	Avlastingshall	Grasdalen		
	Rideveg	Kårbø		
	Fleirbrukshall	Meland Aktiv		
	Terrengsykkelanlegg			
	Sjøbad			
	Ballbanar andre			
	Treningsanlegg			

Nærmiljøanlegg som overføres til neste planperiode:

	Parkour-/klatre-/trimanlegg m/lys	Elvavika friområde		
	Aktivitetsflate	Fossemyra		
	Friluftsanlegg	Varnappen		
	Ballbane rehabilitering	Holmemarka		
	Ballbane rehabilitering	Ådland		
	Ballbane rehabilitering	Husebø		
	Klatreanlegg	Ryland		
	Paintballbane			
	Orienteringskart			

Folkehelse

Tiltaka har stor påverknad på folkehelsa i kommunen

Miljø

Tiltaka har påverknad på miljøet

Økonomi

Tiltak i kommunal regi er forankra i økonomiplanen

Konklusjon

Framlegg til rullering for 2019 av Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019 ligg føre.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner rulleringa av Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019, slik ho ligg føre i vurderinga.

Utval for levekår - 59/2018

ULK - behandling:

Leiar kultur Eirik Utne orienterte.

ULK – samrøystes framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner rulleringa av Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019, slik ho ligg føre i vurderinga.

Kommunestyret - 86/2018

KS - behandling:

Tilleggsframlegg frå Mabel Johansen, H:

Kommunestyret ber om at rådmannen utgreier mulighetene for å etablere et utstyrsbibliotek, og at det legges fram en sak for ULK i 1.halvår 2019.

Avrøysting:

Utval for levekår sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå Mabel Johnansen fekk 25 røyster for, (7 AP, 5 H, 2 FrP, 3 SP, 3 KrF, 2 MDG, 1 V, 1 BF, 1 Uavh), 2 røyster mot, (FrP, Uavh), og er såleis vedteke.

KS – samrøystes vedtak:

Kommunestyret godkjenner rulleringa av Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019, slik ho ligg føre i vurderinga.

Kommunestyret ber om at rådmannen utgreier mulighetene for å etablere et utstyrsbibliotek, og at det legges fram en sak for ULK i 1.halvår 2019.

Frekhaug 21.12.2018
Ø.H. Oddehaug
MELAND KOMMUNE
Ordførar